

Invitasjon til samhandling om utvikling av tenester innan rus- og psykisk helsetenestene i Romsdalsregionen

Dei siste åra har det vore stor merksemd rundt rusfeltet på bakgrunn av *Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020)* Mange kommunar har gjort eit godt stykke arbeid på dette område, mellom anna på grunn av moglegheit til å søke tilskot innan rusfeltet. I vårt fylke har fleire kommunar oppretta nye stillingar knytt til denne ordninga. Sjølv om opptrappingsplanen no er avslutta er det framleis behov for vidare innsats på felte. Det er eit av hovudfunna i FAFO viser til i sin evalueringsrapport av satsinga på rusfeltet i denne perioden. Den nye regjeringa har i Hurdals-plattformen lagt vekt på utvikling av tenester innan rus og psykisk helse. Dei har uttrykt at dei ønsker ein ny opptrappingsplan for psykisk helse. Samstundes vert det jobba vidare med ein rusreform.

Med den kunnskapen som bakteppe vil Statsforvalteren, i samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helse (NAPHA) og Kompetansesenter for rusfeltet (KoRus) invitere til eit dialogmøte om utvikling av kommunale rus- og psykisk helsetenester i kommunen. Målet med samhandlinga er å identifisere områder ein kan jobbe vidare med og informere om kva kompetansesentra og Statsforvaltaren kan bidra med. I fellesskap kan vi utvikle tenestene til det beste for brukarane

Vi inviterer til samling for kommunane i Romsdalsregionen (Molde, Aukra, Vestnes, Rauma, Hustadvika) 10. februar i Molde på Quality Hotel Alexandra. Målgruppe for samlinga er einingsleiarar og tilsette i rus- og psykisk helseteneste i kommunane.

Som det kjem fram av programmet som ligg ved, ønsker vi at kvar enkelt kommune kort presenterer status i eigen kommune på godt og vondt på dette fagfeltet. Dette kunnskapsgrunnlaget ønsker vi skal legge grunnlaget for diskusjonane seinare på dagen.

Vi håper invitasjonen vår kan vere av interesse for din kommune. Påmeldingslenke vil kome på Statsforvaltaren si heimeside under kurs og konferansar. Påmeldingsfrist er sett til **25.januar 2022**.

Har du spørsmål ta gjerne kontakt med :

- KoRus: Rita Valkvæ, Rita.Valkve@stolav.no
- NAPHA: Arve Almvik, arve.almvik@samforsk.no
- Statsforvaltaren: Sverre Veiset, fmmrsvve@statsforvalteren.no eller Anne Mette Nerbøberg, fmmranne@statsforvalteren.no

Med helsing
for arrangørane

Anne Mette Nerbøberg

